

KOMMISJONSVEDTAK

2014/EØS/56/09

av 28. januar 2008

om endring av vedtak 2005/59/EF med omsyn til dei områda der planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i Slovakia skal gjennomførast*[meldt under nummeret K(2008) 319]***(Berre den slovakiske teksta er gyldig)**

(2008/88/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾, særleg artikkel 16 nr. 1 og artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonsvedtak 2005/59/EF av 26. januar 2005 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i Slovakia⁽²⁾ vart vedteke som eitt av fleire tiltak for å motkjempe klassisk svinepest.
- 2) Slovakia har no meldt frå til Kommissjonen om at klassisk svinepest hjå viltlevande svin er utrydda frå dei områda som høyrer inn under veterinær- og næringsmiddeladministrasjonen i Trenčín (medrekna distrikta Trenčín og Bánovce nad Bebravou), Prievidza (medrekna distrikta Prievidza og Partizánske) og Púchov (medrekna berre distriktet Ilava). Dei godkjende planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin mot denne sjukdommen bør difor ikkje lenger nyttast på desse områda.
- 3) Slovakia har òg meldt frå til Kommissjonen om den nyaste utviklinga av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og førekomsten av denne sjukdommen i distriktet Nové Zámky. I lys av dei epidemiologiske opplysningane som er

tilgjengelege, bør tiltaka i planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin lengjast for å omfatte delar av distrikta Nové Zámky, Komárno og Levice.

- 4) Av omsyn til klarleiken i fellesskapsregelverket bør dei områda som er omfatta av dei planane som er fastsette i vedlegget til vedtak 2005/59/EF, bytast ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.
- 5) Vedtak 2005/59/EF bør difor endrast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2005/59/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Slovakia.

Utfërda i Brussel, 28. januar 2008.

For Kommissjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 28 av 1.2.2008, s. 34, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 56/2009 av 29. mai 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 47 av 3.9.2009, s. 4.

⁽¹⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

⁽²⁾ TEU L 24 av 27.1.2005, s. 46. Vedtaket sist endra ved vedtak 2006/20/EF (TEU L 15 av 20.1.2006, s. 48).

VEDLEGG«*VEDLEGG*»**1. Område der planen for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin skal gjennomførast:**

Territoriet som høyrer inn under veterinær- og næringsmiddeladministrasjonen i Žiar nad Hronom (medrekna distrikta Žiar nad Hronom, Žarnovica og Banská Štiavnica), Zvolen (medrekna distrikta Zvolen, Krupina og Detva), Lučenec (medrekna distrikta Lučenec og Poltár) og Veľký Krtíš (medrekna distriktet Veľký Krtíš), Komárno (medrekna området aust for motorveg 64, nord for grensa mot Ungarn og vest for distriktet Nové Zámky), Nové Zámky (medrekna området aust for distriktet Komárno og aust for motorveg 64, sør for motorveg 75 og nord for grensa mot Ungarn) og Levice (medrekna området aust for distriktet Nové Zámky og aust for motorveg 66 (E77), sør for motorveg 75, nord for grensa mot Ungarn og vest for distriktet Veľký Krtíš).

2. Område der planen for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin skal gjennomførast:

Territoriet som høyrer inn under veterinær- og næringsmiddeladministrasjonen i Žiar nad Hronom (medrekna distrikta Žiar nad Hronom, Žarnovica og Banská Štiavnica), Zvolen (medrekna distrikta Zvolen, Detva og Krupina), Lučenec (medrekna distrikta Lučenec og Poltár) og Veľký Krtíš (medrekna distriktet Veľký Krtíš).»
